

Fylkesmannen i Hordaland
Bergen

LINDÅS KOMMUNE	
Klubbetegn	
24. 10. 2014	
Ark. saknr	Løpnr
Saknr	Tilgangskode

Klage på vedtak om godkjent reguleringsplan Fonnebost småbåthamn

1.

Reguleringsplanen Fonnebost småbåthamn opnar opp for at det kan byggjast inntil 10 bueiningar i tillegg til hytter mm ved Fonnebostsjøen. Dette vil generera mykje trafikk nedover ein smal og svingete veg.

I *Arealdelen av kommuneplanen 2011 – 2023* heiter det: (side 9 og 18)

2.11 Før utbygging av B18 på Fanebust skal det gjennomførast trafikksikringstiltak langs FV 400.

6.13 Før utbygging av S17 på Fanebust skal det gjennomførast trafikksikringstiltak langs FV 400.

Frå tiltakshavar er det føreslege å utbetra ein sving og laga ein ny møteplass, begge like ved bustadområdet. Dette er på ingen måte tilfredsstillande trafikksikringstiltak langs ein nær tre kilometer lang smal og svingete veg, FV 400, frå Lindås senter ned til Fonnebostsjøen.

Eg synest kommunestyret og Plan- og miljøutvalet i Lindås tar alt for lett på krava som er nedfelt i Arealplanen når dei ikkje vurderer dette nøgnare.

Desto verre vert det når ein ser korleis Fonnebost-vegen er definert i *Risiko og sårbaranalyse* i Arealplanen 2011-2023.

I kap 6, *Risikovurdering av foreslått ny arealbruk*, har tiltaket hamna i raud sone når det gjeld trafikkfare: (Utdrag frå tabell, side 28)

Tabell 6,1, *Risikovurdering av foreslått ny arealbruk*

Omr. nr	Stad	Arealføremål	UH-1 Stormflo	UH-2 Ekstrem nedbør	UH-3 Skred	UH-4 Flaum	UH-5 Sterk vind	UH-6 Trafikk- fare	UH-7 Utrykk- ingstid
B18	Fanebust	Bustader	S1K1	S4K1	S1K1	S1K1	S4K1	S3K4	S1K4
B19	Fanebust	Bustader	S1K1	S4K1	S1K1	S2K2	S4K1	S3K4	S1K4

Om tiltak som hamnar i raud sone, heiter det (side 8, mi understreking):

*For dei scenaria som ligg i **raud sone**, er risikoen uakseptabel. Dette inneber at det må setjast i verk risikoreduserande tiltak for å risikoen innanfor akseptable rammer (helst grøn sone). Dette kan innebere at eit planlagt tiltak må takast ut av planen eller reduserast i omfang. Det kan òg setjast føresegner med rekkefølgekrav om sikringstiltak.*

Kommunestyret og Plan- og miljøutvalet neglisjerer desse krava. Og eg skjønner ikkje korleis ansvarlege myndigheiter kan gjera det.

Berre så det er sagt: Eg ynskjer alt godt for tiltakshavar og vidare utvikling av gardsbruket hans, men tykkjer desse planane medfører for store ulemper for oss som bur og ferdast langs etter Fanebustvegen.

2.

Eg har tidlegare skrive inn merknader til kommunen vedrørande desse planane. Kommunen oppmoda om at merknader skulle leverast inn elektronisk. Eg gjorde det. Men ein feil eller svikt i kommunen sine datasystem / rutinar gjorde at merknaden ikkje kom med i sakshandsaminga, og ikkje vart kommentert. Eg har påpeikt det, fleire gonger, for kommunen sin sakshandsamar. Han har innrømt systemsvikt og lova å retta opp. Men likevel har ikkje merknaden min kome med på skapleg vis. Heller ikkje no, i sakspapira som er sende ut. Det nærmar seg sakshandsamingsfeil. Eg legg difor ved siste skrivet eg skreiv inn til kommunen.

Ein del kan seiast om sakshandsaminga i denne saka. Ikkje alt er teke med her. Men det viktigaste er det eg nemner aller først: At kommunestyret i godkjenninga av denne reguleringsplanen ikkje tar omsyn til krav, føresetnader og risikovurdering som er nedfelte i kommunen sin eigen arealplan.

Fanebust, 21. oktober 2014

Med helsing



Jarle Fanebust



Høringsuttale (KF-340)

Referansenummer: IKWBII

Registrert dato: 31.08.2013 20:43:10

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining
Opplysningar om innsendaren	
Førenamn	
Jarle	
Etternamn	
Fanebust	
Adresse	
Fonnebostvegen 186	
Postnummer	Poststad
5955	LINDÅS
Telefon	
56369313	
E-post	
jarfan@hfk.no	

Høringsuttale	
Høringsuttale	
Velj høyringsuttale:	
<input type="checkbox"/> Tunnel på fv 57, Knarvik-Isdalstø	
<input checked="" type="checkbox"/> Fonnebost småbåthamn	
<input type="checkbox"/> Galtaråsen industriområde	

SIÅ NESTE SIDE

Uttale

Underteikna er oppsitjar på gnr 106/1, på Fanebust. Eg grensar ikkje direkte til tiltakshavar, men har jordbrukseigedom både på Fanebust og ved Fanebustsjøen.

I reguleringsplanen for 106/12 vert det lagt opp til ei omfattande utbygging av bustader, hytter og småbåtplassar. Mitt ankepunkt er at dette vil føra til stor trafikkauke på vegen til Fanebust og Fanebustsjøen.

I saksutgreiinga til møte 17.4.13 heiter det: »Totalt kan det etablerast 10 nye bueiningar. Det vert lagt opp til parkeringsdekning på 2 bilar pr bueining [?]». Det betyr altså at bustadene aleine kan tilføra 20 bilar. I tillegg kjem trafikken til hytter og småbåthamn. Denne er kanskje er vanskelegare talfesta. Men ein kan ikkje koma bort frå at planane vil medføra ein betydeleg auka frå noverande nivå.

Enno er me nokre som driv med husdyr her. Me har slåtteareal og beite-areal på bae sider av vegen, og me treng kryssa eller føra dyra langs denne. Fanebust og Fanebustsjøen er LNF-område. På generell basis vil eg sei det er veldig uheldig å få ein satellitt av eit byggefelt midt inne i eit LNF-område. I denne saka har det i tillegg trafikkmessige følgjer.

Vidare ferdast her mange mjuke trafikantar, både unge og eldre. Det er einaste vegen til barne- og ungdomsskulen og til butikkane i Lindås senter. Her går ikkje buss, og ungane på Fanebust har ikkje rett på skuleskyss.

Eg har påpeikt somt av dette i tidlegare skriv. Og tiltakshavar har kommentert dette i to omganger.

Første gong er i Forslagstillers kommentar av 15.11.12. Dei stadfester at det vert auka trafikk, men avviser det nonchalant med at «Dette vert ikkje eit stort problem». Slikt vert for lettvent.

Men i eit seinare skriv, Trafikktilhøve Fonnebostvegen og Leikeplassar (av 15.5.13), utdjupar tiltakshavar/Weglo Design. Dei held fast på at det ikkje vil medføra noko negativ endring og grunnjev dette slik: «Minner om at det på 60-talet var fleire rutebilar samtidig til kaien for transit over fjorden. Då var dette ein smal grusveg. Vegen er i dag [?] vesentleg utvida og asfaltert, utan rutetilbod eller anna tung transport». Ein annan stad vert det framhalde at: «det har vore ei dynamisk utviding av vegen i form av nye utkjørsler, oljegrusing og liknande».

Det er rett at det nokre år på sekstitalet gjekk bussar (av den tids storleik) nokre gonger om dagen til kaien. Men å samanlikna trafikken på 60-talet med dagens bilisme og dagens køyremønster, - ja det vert nærast absurd.

Vegen har vorte asfaltert, ja, men er slett ikkje utvida. Stabbesteinane står no der dei alltid har stått som vitne på dette.

Sjølve vegbana er betre, men det har vorte høgare og skarpere asfaltkantar. Det er uheldig å koma ut for denne asfaltkanten, for mange stader er der høge vegskuldrar. Og om syklisten misser balansen på kanten, kan ho like tidleg falla inn att i vegbana.

Og talet på nye utkjørsler er få. Eg har budd her all min dag, og veit at vegen ikkje er mykje endra på 50 år: breidda er lik, møteplassane mykje dei same, medan trafikkmengda og -intensiteten har auka monaleg.

Ei slik utbygging som det er lagt opp til, er uheldig for oss som bur på Fanebust og Fanebustsjøen. Det er uheldig for landbruket, og for all vanleg ferdsel langs vegen.

Fanebustvegen er smal og svingete. Eg vil hevda at vegen vår er tungt nok belasta allereie. Smal veg & ein slik trafikk-auke er ein dårleg kombinasjon.

Med helsing Jarle Fanebust